



Asgeir Kvamme
Skarsvegen 185
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/646 - 17/12295

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.04.2017

Førebels svar på søknad om frådelling - gbnr 141/3 Kvamme nedre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.02.2017 med supplerande dokumentasjon mottatt 03.04.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Eigedomane innanfor planområdet får tilkomst til offentleg veg via privat veg og skal tilknyttast kommunalt VA-anlegg via privat leidningsnett. Det må dokumenterast at kvar enkelt tomt har vegrett fram til offentleg veg og rett til å etablera private VA-leidningar over privat grunn.

Då det må sikrast rettar både frå gbnr 141/1 og gbnr 141/3 kan det lagast ein felles avtale der alle tomtane sine rettar til i forhold til veg, vatn og avlaup vert sikra. Vi tilrår at rettane vert tinglyst ved sal av den enkelte tomt. Delingsvedtak vert fatta når dette ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.06.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Asgeir Kvamme

Skarsvegen 185 5911

ALVERSUND